

Svar på spørsmål frå Hans Søreng.

Det er i år 200 år sidan Noreg fekk si grunnlov, og dette blir markert med eit grunnlovsjubileum.

Hans Søreng stiller spørsmål ved om dette er noko å feira, med tanke på at norske myndigheiter har begått mykje urett gjennom desse 200 åra.

Visjonen til det offisielle grunnlovsjubilet er at:

«Grunnlovens 200-årsjubileum skal formidle kunnskap om grunnloven og betydningen for det norske folkestyret. Jubileet skal bidra til deltagelse og engasjement i demokratiet og legge til rette for folkefest i hele landet.»

Jubileet er eit høve til å setje fokus på demokratiet sine vilkår i dag, og korleis vi kan sikre og styrke dette framover. For å kunne skape ei god framtid er det viktig å kjenne og forstå historia. Denne kunnskapen må brukast til å gjera gode valg for framtida.

Søreng har rett i at det er mykje i historia vår det er grunn til å beklage. Det er mange grupper og enkeltpersonar som fortjener orsaking for den måten myndigheitene har handsama dei på.

Eg går ut frå at eg har med meg kommunestyret på å be om orsaking for urett som Ringebu kommune har begått, i den grad vi er posisjon til å ta ansvar for tidlegare utøving av myndigheit. Vårt viktigaste bidrag vil etter mitt syn likevel vera å ta lærdom av historia, og ha særleg merksemd på svake og utsette grupper i utforminga av samfunnet framover.

Ringebu, 25.03.2014

Erik Odlo